

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	05.11.2019	058/19

<b>Saksansv.</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv</b> K1 - 131	<b>Arkivsaknr</b> 19/360
-----------------------------------	-----------------------	--------------------------

### Kommunal planstrategi 2019 - 2023

1. **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**  
Bokn formannskap vedtek å leggje ut framlegg til Kommunal planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2023 til offentleg høyring, med uttalefrist 09. desember 2019.
2. Rådmannen får fullmakt til å setje i verk dei naudsynte tiltaka for å organisere arbeidet med planprogrammet for revisjon av kommuneplanen sin arealdel, med sikte på at dette kan sendast ut på høyring saman med varsel om oppstart av arbeidet.

**Formannskapet 05.11.2019:**

**Behandling:**

**FS- 058/19 Vedtak:**

Rådmannen sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

**Kva saka gjeld:**

Framlegg til planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2013

**Bakgrunn for saka:**

Etter § 10- 1 i plan- og bygningslova skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si virksemd og ei vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden.

**Saksutgreiing:**

Kommunal planstrategi var eit nytt planverktøy som kom med plan- og bygningslova av 2008. Føremålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller videreføre for å legge til

rette for ei ynskt utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidligere plan- og bygningslov (PBL 1985).

Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal være behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Dette er også nedfelt i § 3-1 tredje ledd plan- og bygningslova om oppgåver og omsyn i planlegging etter lova.

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunen sitt behov.

### **Vurdering:**

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast.

Når det gjeld vurdering av den gjeldande kommuneplanen, står kommunen ovanfor fylgjande alternativ:

- Vidareføre gjeldande plan
- Full revisjon
- Berre revisjon av samfunnsdelen eller av arealdelen

Ny samfunnsdel av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 01.10.2019.

Samfunnsdelen inneheld ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si virksemd og ei førebels vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden.

I arbeidet med rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen er det avdekka tilhøve som gjer det naturleg å revidere arealdelen av planen med dei tilhøyrande føresegnene.

Omfanget av revideringa må avklarast nærere ved utarbeiding av planprogrammet for arbeidet.

Det er elles ein del andre planar som bør utarbeidast/justerast, mellom anna av di desse vil danne grunnlag for deler av arealdelen.

Ved prioritering av kva planar som skal utarbeidast/reviderast, må leggjast vekt på at planlegginga skal være behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt, samstundes som prioriteringa også må ta utgangspunkt i den planleggingskapasiteten kommuneadministrasjonen har.

Framlegget til planstrategi for perioden 2019 – 2023 vart drøfta i Kommuneplanutvalet sitt møte 22.10.2019.

Rådmannen vil på grunnlag av desse drøftingane rå til at framlegget til planstrategi vert lagt ut på høyring i minst 30 dagar slik lova krev.

### **Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
01.11.2019	P L A N S T R A T E G I per 16102019